

**Jf. liste**

Dykkar ref.: Vår ref.: 09/333-37 Arkivkode: K1-L12 Dato: 11.02.2011

Rv 13 Øvre Granvin Voss grense. Endringar i reguleringsplan - 2. gangs offentleg ettersyn

I Granvin formannskap 8. februar 2011 vart det gjort følgjande vedtak:

FS-009/11 Vedtak:

1. I medhald av plan- og bygningslova § 12 -10, vedtek Granvin formannskap at detaljreguleringsplan for Rv 13 Øvre Granvin - Voss, endringar i reguleringsplan, jf planomtale, kart, føresegner og ROS-analyse, datert 17.11.10 vert lagt ut til offentleg ettersyn.
2. Statens vegvesen vert oppmoda om å vurdere ei forenkla tilvøling av mellombels masselager på Seim, dersom det vert eit opphald utover 6 månader frå veganlegget for Rv 13 Øvre Granvin ó Voss grense er avslutta, til veganlegget for Rv 13 Øvre Granvin ó Holven vert starta opp.
3. Statens vegvesen vert oppmoda om å arbeida vidare med å finna ei planfri kryssing ved Bulko, enten over-/undergang eller ei løysing der ein har sykkel-/gangsti parallelt med brua og inn på vegen til kraftverket.

Føremålet med planen er å legge til rette for ein lang tunnel på ca 4 km frå Tunsberg til Svelgane, som erstatning for to korte tunnelar med ei daglinje mellom. All vegbygging i dagen i Øvre Granvin og ved Svelgane er i samsvar med gjeldande reguleringsplan frå 2002. Midlertidige masselager på Svelgane og på Seim er innlemma i reguleringsplanen. Det vert lagt til rette for at masselager på Seim også kan nyttast i samband med vegbygging for veganlegget rv 13 Øvre Granvin ó Holven, i tillegg til rv 13 Øvre Granvin ó Voss grense.

Saksutgreiing, planomtale, kart, føresegner og ROS-analyse er tilgjengeleg i tenestetorget, eller på Granvin herad si heimeside www.granvin.kommune.no. Eventuelle spørsmål kan rettast til Granvin herad v/teknisk etat. Merknader og innspel må sendast Granvin herad, Pb 13, 5733 Granvin eller postmottak@granvin.kommune.no innan 1. april 2011.



Hardanger

Postadresse:Postboks 13
5733 Granvin**Internettside:**www.granvin.kommune.no**Telefon:**

56 52 40 00

Org.nr.:

844162502

Telefaks:

56 52 40 01

Bankontnr.:

6501 05 67305

E-post:postmottak@granvin.kommune.no**Postgirokontnr.:**

0803 5786504

Med helsing

Kjersti Finne
jordbrukssjef / plan og miljø
Direkte innval: 56524035

Postadresse:	Telefon:	Telefax:	Org.nr.:	Bankkontonr.:	Postgirokontonr.:
Postboks 40 5733 GRANVIN e-post: postmottak@granvin.kommune.no	56 52 40 00	56 52 40 01	844162502	6501 05 67305	0803 5786504